

RETNINGSLINER FOR TILDELING AV KULTURMIDLAR I ULSTEIN KOMMUNE

Vedteke i K-sak 03/0015

§ 1

Desse kan søkje om tilskot:

1. Det kan ytast tilskot til organisasjonar, institusjonar og einskilde personar som driv eller vil starte opp kulturverksemder i Ulstein kommune. Med kulturverksemder meiner ein verksemder som har eit kulturelt/sosialt føremål i seg, og som kjem folk i Ulstein til gode, med barn og ungdom som hovudprioritet. Oppvekst- og kulturredutvalet kan sette vilkår for tildeling av tilskota.
2. Organisasjonar som driv si verksemder i Møre og Romsdal, og som fell utanfor retningslinene for fylkeskommunal stønad, kan ytast tilskot under føresetnad av at dei rekrutterer eit visst tal medlemer i Ulstein.
3. Samarbeidsorgan for lag og organisasjonar kan og få tilskot.
4. Hovudlag samordnar og søker på vegne av undergrupper der laga er organisert slik.
5. Unnateke frå stønad er:
 - organisasjonar og institusjonar som primært tek ivare medlemene sine interesser innan yrke eller økonomi.
 - politiske parti/aksjonar
 - organisasjonar som ikkje er åpne for alle
 - reint kommersielle tiltak

§ 2

Fylgjande tilskotsordningar gjeld:

Tilskot til drift.

Slik tilskot kan ytast når verksemda er kontinuerleg. Kvar søknad vert vurdert særskilt med bakgrunn i medlemstal, aktivitet, årsmelding/rekneskap og planlagt verksemder. Driftstilskot vert normalt berre tildelt hovudlag.

Søknadsfrist: 1. mars. Utsett frist i 2009: 1. april.

Oppstartingstilskot.

Det kan søkjast om tilskot til oppstarting av verksemder som fell inn under § 1, pkt. 1-3. Verksemda må ha eit kulturelt/sosialt føremål i seg, og kome folket i Ulstein til gode. Slik tilskot vert gjeve som ein eingangsstønad.

Søknadsfrist : Heile året.

Einskilde arrangement og tiltak:

Dette gjeld søknad om tilskot eller garanti til einskilde arrangement og tiltak. Arrangementa/tiltaka må ha eit kulturelt/sosialt føremål i seg, og kome folket i Ulstein til gode, og ikkje vere basert på økonomisk vinning (t.d. basar, marknad, auksjon). Tiltak som er kjem barn og ungdom til gode er prioriterte. Slike tiltak/prosjekt må kome utanom dei som gjeng inn i søknad til ordinær drift.

Søknadsfrist : Heile året.

Tilskot til kurs, studieringar, opplysningsverksemder.

Slik stønad kan ytast til tiltak som fell utanfor andre tilskotsordningar for vaksenopplæring. Stønad kan gjevast til einskilde personar eller organisasjonar som er engasjerte i kulturverksemder i kommunen (jfr. § 1). Det kan ytast tilskot for kurs på lokalt-, fylkes- eller landsplan, maksimalt 2 deltakarar frå kvart lag til same kurs.

Søknadsfrist : Heile året.

Tilskot til andre kulturføremål.

Her kan det ytast tilskot til føremål som fell utanfor dei ordningane som er nemnde så langt, men som ein likevel, ut frå ei samla vurdering, finn det rett å støtte.

Søknadsfrist : Heile året.

§ 3

Søknadsprosedyre:

1. Søknad etter § 2, pkt. 1 har søknadsfrist 1. mars kvart år. Det skal søkjast på eige søknadskjema.
2. Andre søknader etter § 2 har søknadsfrist heile året. Det skal søkjast på eige søknadsskjema.
3. Søknader som ikkje inneheld dei opplysningane ein ber om, og som det er rimeleg å forlange, vert ikkje handsama.
4. Ein handsamar heller ikkje søknader som kjem inn etter søknadsfristen, om ikkje anna er avtala før fristen gjeng ut.
5. Ulstein Idrettsråd og Ulstein Musikkråd kan utarbeide framlegg til fordeling innom på førehand vedtekne rammer.

§ 4

Rapport og rekneskap.

1. Oppvekst- og kulturutvalet kan krevje planar/rapport og budsjett/rekneskap i samband med løyvingane. Dersom eit tilskot ikkje vert nytta etter føresetnadene, kan ein krevje at det vert betalt attende til Ulstein kommune.
2. Dersom ein bryt desse føresetnadene kan vedkomande miste retten til stønad for kortare eller lengre tid.

§ 5

Oppvekst- og kulturutvalet delegerer avgjerdsmyna for søknader under § 2, med unntak av punkt 1, til kulturadministrasjonen. Denne kan likevel leggje einskildsaker framfor Oppvekst- og kulturutvalet.

§ 6

Endring av retningslinene.

1. Endring av retningslinene må godkjennast av kommunestyret.
2. Oppvekst- og kulturutvalet kan i særlege høve dispensere frå reglane.